

## Søknad til Testamentstyret om midlar til fornying av møblar/interiør ved Lerketunet.

Lerketunet vart omgjort til sjukeheimsavdeling i 2014. Før den tid var dette leilegheiter som pasientane sjølv møblerte og betalte leige for (omsorgsbustader). Når dette no er dreve som sjukeheim er det ein del vi ønsker å oppgradere. Det er 12 leilegheiter ved Lerketunet:

- ✓ Lerketunet har leilegheiter med eige soverom og stove til kvar pasient. På soveromma er det behov for lystette gardiner. Før var dette halde av pasienten sjølv og det er varierende kva gardiner som er på desse leilegheitene. Vi ønsker no at alle skal ha same standard og vil bestille nye gardiner. Dette er kostbart og vi søker difor om støtte til det. Gardiner til alle rom vil komme på over 100 000 kr, men vi har no bestilt gardiner til halvparten av romma. Då det er stramme budsjetttider ber vi difor om støtte til dette formålet.
- ✓ I tillegg til leilighetene er det **to fellesstover**. Desse treng nye møblar i form av sofa. Vi har ikkje henta inn pris for dette. Erfaring etter å ha kjøpt ny sofa på annan avdeling ved sjukeheimen, så kom det på i overkant av 30 000 kr. Vi ber derfor om støtte til dette formålet.

Dette er mykje pengar, men vi er så frimodige å søkje støtte til noko av dette. All støtte er kjærkomen støtte!

Beste helsing

Linda Abrahamsen, ( Avd. leder for Lerketunet og Nordgardstunet)

og

Randi Rotevatn Minde, (Leiar Meland Sjukeheim)